



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 21/2015

Møtedato: 2.9.15

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

S598, Nørre Gilen – søknad om sel

Olav Gardshaug søker om å få føre opp ei nytt sel på stølen på Nørre Gilen. Eksisterande sel er så dårleg at det ikkje er praktisk å restaurere. Det blir søkt om å få føre opp eit nytt sel på 51,75 m² BYA. Det gamle selet er i følgje stølsregisteret på 48 m² BYA.

Det inngjerda arealet på stølen er etter registeret på 4 daa og det dyrka arealet er ca 2 daa. Søkjar har kryssa av på skjema for at han brukar stølen til slått og anna, både til eige drift og ved bortleige. Jordvegen heime er leigd bort og han driv skogen sjølv. Dette er litt uklart om det kryssa av for bruket heime eller på stølen. Stølsjordet er delvis attgrodd med vier og kratt. Søkjar skriv at stølsjordet ikkje har betydning for drifta og det blir berre rydda for å halde det ryddig. Ut frå dette må ein rekne stølen til ikkje å vera i bruk etter fjellova. Stølsbrukaren opplyser også at stølen ikkje har vore i bruk på 20 år. Etter fjellova § 22 fell retten til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbeite fell bort når setra i eit samanhengande tidsrom av 20 år ikkje har vore i bruk som seter. Stølen er med dette falle i det fri.

Når støl fell i det fri skal fjellstyret ta stilling til kva som skal skje med stølen. Dette blir regulert etter §§ 12-15 i stølsforskrift. Fjellstyret skal ta stilling til om stølen skal visast ut til andre med bruksrett som har behov for støl eller tilrå at Statskog opprettar avgiftsfritt feste på husa knytt til garden. Denne retten kan ikkje skiljast frå garden. Det normale er at det blir oppretta avgiftsfritt feste og fjellstyret bør velja ei slik løysing i denne saka.

Fjellstyret skal og ta stilling til kva som skal skje med stølsvollen. Stølsvollen er svært liten og ligg inneklemt mellom andre stølar. Ved å vise ut arealet til andre vil ein i praksis stoppe at det kan takast opp drift på stølen om det blir behov i framtida. Utvising til andre stølsbrukarar er derfor ikkje ei god løysing. Fjellstyret bør derfor ikkje vise ut den dyrka delen til andre stølsbrukarar.

Statskog har i brev den 27.8.15 gjeve følgjande uttale:

Viser til oversendt søknad om riving og oppsetting av nytt sel på samme tomt på fnr 598 på N. Gilen. Søker opplyser i sin søknad at dagens sel er i så dårlig forfatning at det ikke lenger er hensiktsmessig å forsøke restaurering. Det er ikke dyr på stølen, og det fremstår noe uklart om stølen kan anses for å være i drift. Søker har krysset av på stølen ikke har vært i bruk ut fra gården de siste 20 år.

Sett i lys av ovennevnte hadde Statskog forventet at fjellstyret tok stilling til stølens status før søknaden ble sendt ut til uttalelse. Stølens status vil være avgjørende for hvilken bestemmelse i seterforskriften som skal legges til grunn for saksbehandlingen.

Statskog avventer fjellstyrets vurdering av status. Denne vurderingen vil legge grunnlaget for den videre saksbehandlingen. Uansett kan Statskog på generelt grunnlag signalisere at vi ser positivt på at stølseiere ønsker å ivareta stølsbebyggelsen sin på omsøkt måte.

Oppland fylkeskommune skriv i e-post datert 28.8.15: *Oppland fylkeskommune ved Kulturarvenheten vil ikke motsette seg en ev. godkjenning/tillatelse av tiltaket. Vi har ingen øvrige merknader til saken.*

Bygging på støl med erklæring om avgiftsfritt feste er regulert i §15 i stølsforskrift og det er Statskog som gjer vedtak etter uttale frå fjellstyret. For stølar som ikkje er i bruk eller har falle i det fri blir det normalt berre gjeve løyve til normalt vedlikehald. Å erstatte eksisterande bygg med eit tilsvarande stort nytt bygg, har ein praksis på å rekne som vedlikehald. Utviding av arealet med 4 m² er ein relativt liten auke og bør kunne godkjennast. Når støl har falle i det fri er det Statskog som gjer vedtak om bygging etter uttale frå fjellstyret. Statskog har i brev datert 27.8.15 signalisert at dei er positive til at stølsbrukarane ynskjer å ivareta husa på denne måten.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret finn at stølen til Hjelle søndre 41/1 er falt i det fri jf. §22 i fjellova og vil tilrå at Statskog gir stølsbrukaren løyve til å ha husa på stølen ståande utan avgift for 10 år om gongen, jf § 13 i stølsforskrifta. Denne retten skal knytast til Hjelle søndre 41/1 og kan ikkje skiljast frå denne. Stølsvollen skal ikkje visast ut til andre stølsbrukarar.

På vilkår av at stølsbrukaren får avgiftsfritt feste på stølshusa, vil fjellstyret tilråda søknaden om å erstatte eksisterande sel med eit nytt på 51,75 m² etter §15 i stølsforskrift. Tilrådinga er gjort på vilkår av at det eksisterande sel blir fjerna og nytt ført opp på same stad.

Vedtak:

Fjellstyret finn at stølen til Hjelle søndre 41/1 er falt i det fri jf. §22 i fjellova og vil tilrå at Statskog gir stølsbrukaren løyve til å ha husa på stølen ståande utan avgift for 10 år om gongen, jf § 13 i stølsforskrifta. Denne retten skal knytast til Hjelle søndre 41/1 og kan ikkje skiljast frå denne. Stølsvollen skal ikkje visast ut til andre stølsbrukarar.

På vilkår av at stølsbrukaren får avgiftsfritt feste på stølshusa, vil fjellstyret tilråda søknaden om å erstatte eksisterande sel med eit nytt på 51,75 m² etter §15 i stølsforskrift. Tilrådinga er gjort på vilkår av at det eksisterande sel blir fjerna og nytt ført opp på same stad.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak. Del av vedtaket med tilråding er ikkje eit enkeltvedtak som det er klagerett over.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.9.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Olav Gardshaug
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskomme